



ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon

Martin Søgner, 5764 3079

Høyringsfråsegn - landbruksveg - Alver - 435/3 Myking

Vi viser til høyring på søknad om bygging av landbruksveg klasse 7 på gnr. 435 bnr. 3 i Alver kommune. Vegen er planlagd med 490 meter ny veg. I søknaden står det om tiltaket at vegen vil gje tilgang til totalt 50 dekar, som alle er opplyst å vere jordbruksareal. Interesser i vegen er opplyst å vere 95 prosent jordbruk og 5 prosent skogbruk, totalt 100 prosent landbruksinteresser. Kommunen har sendt saka til uttale, jf. *forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier* § 3-1, jf. § 1-1.

Føremålsparagrafen i landbruksvegforskrifta seier «*Formålet med denne forskriften er å sikre at planlegging og bygging av landbruksveier skjer på en måte som skal gi landbruksfaglige helhetsløsninger. Det skal samtidig legges vekt på hensynet til miljøverdier som naturmangfold, landskap, kulturminner og friluftsliv, hensynet til fare for flom, erosjon og løsmasseskred, samt andre interesser som blir berørt av veiframføringen*»

I slike høyringssaker går vi ikkje detaljert inn i dei vurderingane som må gjerast i saka, dette fordi det er kommunen som er den ansvarlege førsteinstansen og som skal foreta dei konkrete vurderingane i forhold til regelverket. De kan finne ein god del informasjon på [nettsida](#) vår som kan vere nyttig, der er det bl.a. lenker til regelverket og aktuelle rundskriv.

Vi har gjort ein kort utsjekk av miljøinteressene i denne konkrete saken, og så vidt vi kjenner til er det ikkje viktige naturkvalitetar eller miljøverdier som vert råka av dette veganlegget. Vi har også vurdert landbruksinteresser. Vi har ingen merknader til dette veganlegget.

Med helsing

Martin Søgner
rådgjevar